

# Referat foreldremøte 1. og 2. kl 20.09.18

8 av 10 heimar møtte.

## Klassemiljø

Viktig for meg å sjå alle elevane kvar dag og ha ein liten hyggjeleg prat med dei. Fin klasse, går oftast godt ilag. Noko ukonsentrerte til tider, spesielt når det skal gjevast beskjedar. Me øver på konsentrasjon.

Me brukar Zippy, eit opplegg for sosial kompetanse, der elevane skal læra å identifisera og å snakka om kjensler, å meistra utfordringar og problem i dagleglivet og å støtta andre som har det vanskeleg. Me sit i ring ilag på golvet når me har Zippy, der me m.a. øver på å kunna vera nær kvarandre.

Me byter plassar ofte for at elevar skal verta kjent med kvarandre og kunna arbeida i lag. Så arbeider me i grupper, sjølvstøtt sett saman av meg, for å verta kjent og å øva på å samarbeida med alle elevane. Me har gjennomgått klassereglane, der elevane har fått vera med og finna kriteriane for dei ulike reglane. I tillegg har me sosialiseringssleikar.

**Satsingsområde for skulen:** Lesing, skulemiljø og eit inkluderande læringsmiljø.

**V/fråver:** ring skulen. Mobilane til lærarane ligg oftast på kontoret.

## Skuledagen – organisering

Me er stort sett samla, men har nokre timar der 2. kl har Elin i matte. Prøver å få til mest mogeleg varierte aktivitetar, så det ikkje skal verta for lange økter. Me har pausegym, rørslesongar, lufting m.m. Eg arbeidar med å få den eine klassen til å kunna arbeida sjølvstendig medan eg underviser den andre klassen i norsk.

## Fag

**Symjing:** Store krav etter 4. klasse, så det er viktig å gå i bassenget og trenast sjølv.

1. og 2. kl har fått gratis symjekort for dette skuleåret i følgje med ein over 18 år.

**Temafaga** vert mest munnlege fag, me teiknar og fortel, samtalar om det me har om, elevane teiknar og skriv med alt etter kva dei klarar. Me undersøker og emna på uteskulen. **Uteskulen:** Svært viktig å ha kle på etter kva ver det er. Ingen får ei god oppleving av å gå våt og kald når me er ute. Me går ut uansett ver. På uteskulen har me formingsaktivitetar, får god allsidig og viktig trening for kroppen, me har emne frå temafaga som me observerar og arbeidar med. Me får sosial trening og vert kjend på ein litt annan måte i naturen. Av og til lagar me mat på stormkjøkken, bålpanne eller bål.

## Lekser

Leseleksene: Viktig at foreldra les leseleksene med elevane. Lesing er viktig for all læring og samfunnsliv i framtida, difor er det svært viktig å arbeida med lesinga frå første dag. Om ikkje anna er avtala for 2. klasse: 1 gong stille, 1 gong høgt for seg sjølv og 1 gong høgt for foreldra. I 1. kl er det viktig at de les saman med eleven, alt etter kva de ser trengs. Øv på skriveretning, gjenkall bokstavane (de ber eleven skriva bokstaven de seier). Les for og med elevane, i byrjinga kan de ha fingeren under kvart ord de les, leit etter bokstaven me lærer, eller dei dei nett har lært. Snakk om det de les, bruk bileta som støtte. Lat leseleksene og 15- minuttslesinga verta ei koseleg stund saman. Øving gjer meister, det gjeld og med lesing 😊 De som foreldre ser om det er rett leksemengd. Om det vert for mykje, er det lov å velja ut delar av til dømes leseleksa. Elevane skal ikkje sitja så lenge med leksene at motivasjonen minkar.

## Planar

Vekeplanar, 2. kvar måndag. Dei ligg på elevane sin tilgang på it`s learning.

Brukarnamn og passord skal eleven få med heim.

Årsplanar ligg på foreldresida på It`s learning .

Referat, innkallingar, info og liknande på it`s learning.

### It`s learning:

**Brukarnamn for foreldra: 1.-2.trinn**

**Passord for foreldra: 1og2klasse**

## Testar

Kartleggingsprøvar i norsk og matematikk i april, 1. og 2. kl.

Soling av elevane (finna ut kor langt dei er komne i leseprosessen) – før jul og på våren + jamnleg i kvardagen 1. og 2. klasse halvårsprøvar i matematikk på nett (Multi)

## Skule/heim samarbeid

Snakk fint om skulen når eleven høyrer, sjølv om du er uenig med skulen i einkilde saker. Då får eleven eit god oppleving av skulen. Ta kontakt med skulen raskt om det er noko du ikkje føler er greitt.

Foreldra som rollemodellar: Hugs at det er du som er den viktigaste rollemodellen for barnet ditt. Du er og den viktigaste personen som kan gjera at barnet ditt greier seg godt på skulen og i livet elles. Om me arbeidar saman, er det lettare å få ting til slik me ynskjer å ha dei. Ta

kontakt om det er noko de lurar på eller treng hjelp til- ikkje lat utfordringen verta for stor før de tek kontakt.

At alle, både vaksne og born, kjenner kvarandre er positivt for miljøet. Klassane skal ha felles aktivitet, t.d grilltur til Hokle, lyktetur i mørket, for å ha det kjekt i lag og verta kjent. Jan Ove tek ansvar for å kalla inn til ein tur for klassen. Det er ynskjeleg med ein tur til våren også.

**Aktivitetsplanen** for skulen: Det var ynskje om å gjera tydeleg kva som foreldra kunne og burde vera med på i den.

«Korleis gjera borna meir robuste» er eit aktuelt tema også på vår skule. Det vart berre lufta på foreldremøtet, og snakka meir om på foreldrerådsmøtet, men er viktig å tenkja over både for heimane og skulen.

### **Norsk 1. klasse**

**Veldig viktig at de les leseleksene og gjer oppgåvene saman med eleven.**

Øv på bokstavane me har lært kvar dag.

Spør eleven om å skriva bokstaven du seier.

Les for, med og i lag med eleven.

Syng saman lydane når de øver på lesing. Ikkje stopp lyden før de treff neste lyd.

(Les «is» slik: iiiiiiiis, leik til dømes at i-en sit i ein båt. Båten kjører mot land, og de seier «i heilt til båten kjører i kaien. Der sit s-en og ventar – og då vert det is 😊

Les 15 minutt: Les saman for /med barnet, snakk om boka, sjå på bileta, leit etter bokstavar, ord, lat barnet finna/lesa nokre ord/setningar etter så mykje som ho/han har kapasitet til.

### **Matematikk 1. klasse**

Tel ting heime med eleven. Pass på at han/ho tel kvar ting, og ikkje hoppar over ein ting i teljinga. Bruk begrep når de snakkar i lag, t.d. oppe, nede, ved sida og liknande. Øv på å skriva tala, etter kvart som me lærer dei. Skriv fine tal med rett skriveretning. Bruk «kvardagsmatematikk», t.d. når de dekkjer bordet: Kor mange knivar treng du henta? Me treng 3 glass, her er berre eitt, kor mange må du henta? Bruk fantasien. Sjå etter former i heimen og andre stader. Øv på teljing, baklengs og framlengs. Øv talvener og tiarvener når den tid kjem.

### **Norsk 2. klasse**

**Fokus på å verta gode lesarar, og med det, forstå kva me les.**

Til dette arbeider me med: Kaleido arbeidsbok, med mange fine oppgaver som går på dette og meir til.

- skriva logg/dagbok – dei skal skriva noko som har skjedd den dagen.
  - øver på grammatiske aspekt ved skrivinga.
  - øver på den munnleg delen av språket med å fortelja, snakka om kva me les og snart kjem det framføringar.
- veileda lesing m.m.

Veldig viktig å øva heima med eleven. Det gjev resultat 😊

Dersom de tykkjer at det er for vanskelege lekser, tilpass leksene og gje meg eit ord. Eg prøver å tilpassa leksene, men de er de som sit med barnet i leksesituasjonen.

Les 15 minutt: Les saman for /med barnet, snakk om boka, sjå på bileta, leit etter bokstavar, ord, lat barnet finna/lesa nokre ord/setningar etter så mykje som ho/han har kapasitet til.

## **Matematikk 2. klasse**

**Følgjande er viktig å ha fokus på:**

- tala 0-100 er pensum
- øv på tal- og tiarvener
- vera sikker på kva ein tiar er, og kvar tiar- og einar-plassen er
- vera trygg på plusstykke opp til 20, og forstå samanhengen mellom pluss og minus.
- telja framlengs og baklengs til 100

Ref Liv O. Vetås